

# – Kinosalen må takast i bruk att

Viss partitoppene er like rørende samstemde etter valet som dei var på kulturdebatten fredag førmiddag, går kulturlivet i heile Voss kommune rosenraude år i møte.

Lokalpolitikarane kappast om å klappa store og små kulturaktørar og kvarandre på ryggen under debatten i Osasalen. Ikkje eit einaste harmdirrande innlegg for å rakka ned på andre parti sin håplause mangel på kulturpolitikk, knapt nok rosemåling av egne ideelle løysingar. Tvert om vart det brukt høgtidelege ord som paradigmeskifte i omtalen av Voss kommune si nye kulturpolitiske storsatsing.

## Samla presentasjon

Alle festivalane under paraplyen Festival Voss var inviterte til å gje politikarane kvar si konkrete utfordring for den komande fireårsperioden og vel så det. Men også dei mindre kulturaktørane, det som vart kalla «kvardagskulturlivet» hadde sine representantar i salen.

Skal ein trekkja ein samlande konklusjon, gjekk dei fleste utfordringane mest på korleis Voss kommune betre kan medverka til at kulturlivet får betre rammevilkår og konkrete arbeidsforhold. Dette handlar om alt frå tilskot og støtteordningar i kroner og øre, til at kommunen går inn som ein aktiv pådrivar og partnar i arbeidet med å leggja til rette infrastrukturen som må til for at kulturlivet kan halda fram med å bløma.

Om politikarane var samde om at dei var overmåte stolte over alt kulturen på Voss gjev kommunen i form av merkevarerbygging, marknadsføring og store opplevingar, var dei minst like samde om ikkje å lova ekstra kroner i åra som kjem.

## Misforhold

Ordstyrar Trude Storheim innleidd med å peika på at fylkesmann Lars Sponheim har proklamert Voss som «Kulturbygd nr 1», samstundes som Voss rangerer heilt på botn når parameter som til dømes kroner til kultur pr innbyggjar og tal på elevar i kulturskule vert trekte inn. Ho var ikkje åleine om å påpeika dette misforholdet.

Det lokalpolitikarane no synest samstemde om, er at Voss treng ein samlande og altomfattande kulturpolitikk. Dei vil vekk frå



VOSS KINO STENGD: Skal Voss kino søkja stortinget for at her må administrasjonen påleggja

praksisen med å fordela skrantne kulturkroner til einskildpersonar og organisasjonar etter ostehøvelprinsippet, slik administrasjonen har hatt som mal.

## Festivalane

Like sikkert som at det er kvar dagskulturlivet rundt om i alle delar av kommunen som er fundamentet, er det at festivalane og dei mange store arrangementa er det store utstillingsvindauga som skapar nasjonal og internasjonal merksemd. Og sjølv om festivalane no er organiserte i Festival Voss, har kvar festival sine særmerkte utfordringar. Medan Voss Cup skulle ynskja dei får meir att for dei 450.000-500.000 kronene dei kvart år betaler i leige for alt frå fotballanlegg til skular for overnatting, ynskta Ekstremsportveko at kommunen hjelper til for å sikra Veko tilgang til den naturen som er ein føresetnad for det største sportsarrangementet i sitt slag på verdsbasis.

Mest konkret hjelp i så måte vart nok Ekstremsportveko lova. Fleire av politikarane tok til orde for at kommunen skal vera forhandlingspartnar overfor grunneigarane, for å få til løysingar med til-



Titanic? Fleire av politikarane reagerte sterkt på stenginga av Voss kino og tok til orde for at her må administrasjonen påleggja t å opna opp att for bruk.

ARKIVFOTO: TORUNN TODAL LABERG

komstvegar og parkering som alle partar er tente med.

Ein av dei mest konkrete framlegga i debatten kom frå Leif Arne Vangsnes (Frp). Han vedgjekk at politikarane nok veit altfor lite om kvar skoen trykkjer for dei ulike kulturarrangørane. Han vil difor arbeida for å få til jamne møte der kulturlivet kan informera og oppdatera politikarane på kva utfordringar som ligg i løypa.

Torstein Gunnarson (V) støtta opp med å seia at administrasjon og politikarar må verta mindre formalistiske og meir effektive i si handtering av utfordringar som dukkar opp.

## Voss kino

Vossa Jazz tok opp problemet kring manglande konsertlokale. Kulturhuset er ikkje i særleg grad tenleg for deira arrangement. Samstundes har administrasjonen i Voss kommune stengt den gamle kinosalen, i påvente av planar for ombygging. På toppen av dette kan festivalen, og andre konsertarrangørar, risikera at Fraktgodsen vert blokkert for bruk, i samband med den store ombygginga av Voss stasjon.

Fleire av politikarane reagerte

sterkt på stenginga av Voss kino og tok til orde for at her må administrasjonen påleggja t å opna opp att for bruk.

– Eg var med på det opphavlege vedtaket om Voss kulturhus. I same vedtaket står det klinkande klart at Voss kino samstundes skal byggjast om til ein akustisk konsertsal. Den raske og enkle løysinga på dette er at arbeidet med ombygging av Voss kino vert sett i gang straks, og at administrasjonen vert pålagt å inngå ein avtale med Jernbaneverket om å få bruka Fraktgodsen i byggeperioden, sa Arnfinn Gjerdåker (SV). Det vart nikka langs panelbordet.

Gjerdåker understreka også at kommunen vil få statlege midlar til ombygging av kinoen, som del av Voss kulturhus.

Ei slik løysing vil ikkje minst koma dei små konsertarrangørane til gode.

Torstein Gunnarson (V) tok til orde for at politikarane også må sjå på leigeprisane både i kulturhuset, i Voss kino og eventuelt andre kulturbygg for å sikra eit prisregime som er til å leva med.

## Integrering

Jørn Styve frå Balkanfest presen-

tere det spennande festivaltilskotet frå Evanger som integrering i praksis. Han utfordra difor kommunen til å bidra til at skular, barnehagar og institusjonar innan helse og omsorg får høve til å oppleva festivalen.

– Det er ikkje verst å få ei helg i det indre Balkan ved å ta bussen 20 minutt til Evanger, slo Styve fast.

Han hausta samstemd verbal applaus frå panelet, sjølv om tankane kring korleis kommunen kan gje elevar, småborn, eldre og uføre tilbod om ei slik oppleving var noko meir diffuse. Fleire i panelet var også inne på at kanskje Balkanfest kan verta flinkare med å oppsøka institusjonar av ulikt slag for å visa seg fram.

Iril Schau Johansen (H) framheva at ein er innflyttar til Voss, anten ein kjem frå Sogn eller Balkan, og at kommunen må arbeida på alle plan for å gjera det enklare for folk å etablara seg på Voss og verta verande her.

Osafestivalen er musikalsk integrering på sitt beste. Gunnar Stubseid frå Ole Bull Akademiet etterlyste større interesse og vilje til å ta både Osafestivalen og dei andre festivalane aktivt i bruk til beste for kommunen. Han etterlyste også politikarane sitt engasjement og deltaking på dei ulike festivalane. Her måtte fleire av partitoppene vedgå at dei nok ikkje er av dei som trakkar festivaldørstokkane ned.

## Samstemde

Even Rokne tok frå sin plass i salen tak i det faktum at Voss har ein vedteken reiselivsstrategi, og at det nye reiselivet i bygda er tufta på festivalane. Han spurde difor partitoppene rett ut om dei alle stiller seg bak denne reiselivsstrategien. Ingen tok til motmæle Rokne rosa også Hans Erik Ringkjøb (Ap) for hans engasjement og forståing for den forsterka reiselivssatsinga kommunen no står framfor.

Torgunn Hegland i Festival Voss var den siste som fekk utfordra lokalpolitikarane. Ho spurde kva visjonar politikarane har for denne paraplyen, og kva tankar dei gjer seg når prosjektperioden for Festival Voss går ut no ved nyttår. Panelet gav uttrykk for at ein ynskjer å vidareføra modellen, om enn løysingane ser ut til å kunna verta eit diskusjonstema.

NILS KVAMSDAL | tekst  
nk@avisa-hordaland.no



Hans Erik Ringkjøb

ORDFØRERKANDIDAT, VOSS

Arbeiderpartiet

Et samstemt  
Hordaland

gir sterkere fellesskap!

Uansett hvordan vi velger å leve våre liv trenger vi sterke fellesskap. Arbeiderpartiet vil fornye og forbedre Hordaland og Voss. Vi vil skape:

- en bedre **skole** som gir ungdommen vår en god start i livet.
- bedre **helsetjenester** som gir en tryggere hverdag.
- bedre **kollektivtilbud og trygge veier** som skal gi ny vekst og flere arbeidsplasser.
- et tryggere arbeidsliv der offentlig ansatte skal ha **rett til heltidsstilling**.

Ruth Grung

FYLKESORDFØRERKANDIDAT

FOTO: MORTEN ELLINGSEN